

2020

KVARTALSRAPPORT 30.09.2020



SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRE
NO 937 899 785
TELEFON 70 07 00 00

SpareBank 1
SØRE SUNNMØRE



Kolåstinden, foto: Robert Bratteberg

INNHALD

HOVUDTAL	04
RAPPORT FRÅ STYRET	06
RESULTAT	11
BALANSE	12
ENDRING I EIGENKAPITAL	13
KONTANTSTRAUMOPPSTILLING	14
NOTAR	
1. REKNESKAPSPRINSIPP	15
2. SEGMENTINFORMASJON	16
3. UTLÅN TIL OG KRAV PÅ KUNDAR	17
4. TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR	18
5. KAPITALDEKNING	22
6. FINANSIELLE EIGNELUTAR VURDERTE TIL AMORTISERT KOST ...	24
7. FINANSIELLE EIGNELUTAR VURDERTE TIL VERKELEG VERDI	25
8. VERDIPAPIRGJELD OG ANSVARLEG LÅN	26
9. INNSKOT FRÅ KUNDAR	27
10. LIKVIDITETSRISIKO	27
11. EIGARDELSKAPITAL OG EIGARSTRUKTUR	28
12. VIKTIGE REKNESKAPSESTIMAT OG SKJØNNMESSIGE VURDERINGAR	28
13. FINANSIELLE INSTRUMENT OG MOTREKNING	29
ERKLÆRING FRÅ STYRET OG ADMINISTRERANDE DIREKTØR	31

HOVUDTAL

RESULTAT KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	3. kvartal 2020	2. kvartal 2020	1. kvartal 2020	4. kvartal 2019	3. kvartal 2019	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019	4. kvartal 2018	3. kvartal 2018
Renteinntekter	55.970	64.442	81.560	82.059	80.516	70.432	65.466	62.717	59.089
Rentekostnader	18.276	30.359	40.431	39.678	37.990	34.365	29.725	27.098	24.739
Netto renteinntekter	37.694	34.083	41.129	42.381	42.526	36.067	35.740	35.620	34.350
Provisjonsinntekter	22.038	17.482	18.745	19.067	19.392	17.060	16.546	17.272	17.422
Provisjonskostnader	1.873	1.211	1.392	1.535	1.511	1.428	1.318	1.292	1.613
Andre driftsinntekter	1.131	1.488	1.470	2.262	1.455	2.646	1.055	1.088	1.055
Netto provisjons- og andre inntekter	21.296	17.759	18.823	19.794	19.335	18.278	16.284	17.067	16.864
Utbytte	329	9.111	119	4.927	68	5.050	220	500	-21
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemder	8.866	8.468	17.851	-504	3.195	14.496	38.841	8.518	6.150
Netto verdiendring på finansielle eignelutar	3.123	1.374	1.482	4.041	1.544	-4.314	36.483	1.392	237
Netto avk. på finansielle investeringar	12.318	18.953	19.451	8.465	4.807	15.233	75.544	10.410	6.366
Sum inntekter	71.308	70.796	79.402	70.640	66.669	69.578	127.568	63.097	57.581
Personalkostnader	15.730	14.768	17.425	19.819	16.840	15.373	16.924	16.975	15.156
Administrasjonskostnader	9.006	8.530	10.600	9.625	9.482	9.929	8.315	9.584	9.615
Avskrivningar varige driftsmidlar	2.093	2.142	2.168	2.580	1.830	1.807	1.793	1.739	1.780
Gevinst sal/nedskrivningar varige driftsmidlar	117	-	106	-	-	-	-	-	-
Andre driftskostnader	3.455	4.544	6.054	7.022	4.232	4.819	4.776	5.784	3.853
Sum driftskostnader	30.167	29.984	36.140	39.046	32.384	31.927	31.808	34.081	30.404
Resultat før tap	41.141	40.812	43.262	31.594	34.285	37.651	95.761	29.016	27.176
Nedskrivning aksjar	-	-	-	-	-	-	-	350	-
Tap på utlån, garantiar	9.598	1.472	5.573	7.836	6.118	7.081	1.367	853	5.224
Resultat før skatt	31.543	39.339	37.689	23.758	28.167	30.570	94.394	27.813	21.953
Skattekostnad	5.100	7.200	3.300	1.095	5.800	3.300	14.000	5.092	4.000
Resultat for perioden	26.443	32.139	34.389	24.854	22.367	27.270	80.394	22.722	17.953

HOVUDTAL KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	3. kvartal 2020	2. kvartal 2020	1. kvartal 2020	4. kvartal 2019	3. kvartal 2019	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019	4. kvartal 2018	3. kvartal 2018
Lønsemd									
Eigenkapitalavkastning etter skatt ¹⁾	7,4 %	9,93 %	10,81 %	7,10 %	6,63 %	8,76 %	27,51 %	7,10 %	5,75 %
Kostnadsprosenten ²⁾	42,3 %	42,4 %	45,5 %	55,3 %	48,6 %	45,9 %	24,9 %	54,0 %	52,8 %
Balansetal (tal i heile millionar kroner)									
Brutto utlån til kundar	9.103	8.916	8.663	8.843	8.944	8.794	8.384	8.114	7.890
Brutto utlån til kundar inkl. overført til KF ³⁾	12.152	11.755	11.615	11.581	11.393	11.235	10.822	10.550	10.308
Innskot frå kundar	7.087	7.319	7.098	6.962	7.034	7.137	6.722	6.454	6.396
Innskotsdekning	77,9 %	82,1 %	81,9 %	78,7 %	78,6 %	81,2 %	80,2 %	79,5 %	81,1 %
Innskotsdekning inkl. overført til KF ³⁾	58,3 %	62,3 %	61,1 %	60,1 %	61,7 %	63,5 %	62,1 %	61,2 %	62,1 %
Utlånsvekst siste 12 mnd.	1,78 %	1,39 %	3,33 %	8,98 %	13,36 %	14,22 %	12,69 %	10,47 %	7,78 %
Utlånsvekst siste 12 mnd. inkl. overført til KF ³⁾	8,16 %	4,63 %	7,33 %	9,78 %	10,53 %	11,03 %	9,32 %	7,97 %	6,15 %
Innskotsvekst siste 12 mnd.	0,75 %	2,55 %	5,59 %	7,87 %	9,97 %	13,74 %	12,97 %	10,55 %	12,15 %
Forvaltningskapital	10.594	10.812	10.583	10.215	10.180	10.282	9.794	9.271	9.180
Forvaltningskapital inkl. overført til KF ³⁾	13.642	13.732	13.535	12.954	12.629	12.724	12.232	11.706	11.598
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	10.689	10.667	10.286	10.187	10.057	9.713	9.527	9.247	9.184
Tap og misleghald									
Tapsprosent utlån ⁴⁾	0,42 %	0,07 %	0,26 %	0,35 %	0,27 %	0,33 %	0,07 %	0,04 %	0,26 %
Misleghaldne engasjement i % av brutto utlån	0,47 %	0,47 %	0,48 %	0,53 %	0,48 %	0,61 %	0,65 %	0,66 %	0,62 %
Andre tapsutsette engasjement i % av brutto utlån	0,14 %	0,18 %	0,00 %	0,00 %	0,08 %	0,08 %	0,16 %	0,08 %	0,21 %
Tapsprosent utlån inkl. overført til KF ^{3) 4)}	0,31 %	0,05 %	0,19 %	0,27 %	0,21 %	0,26 %	0,05 %	0,03 %	0,20 %
Misleghaldne engasjement i % av brutto utlån inkl. KF ^{3) 4)}	0,35 %	0,36 %	0,36 %	0,40 %	0,38 %	0,47 %	0,50 %	0,51 %	0,48 %
Andre tapsutsette engasjement i % av brutto utlån inkl. KF ^{3) 4)}	0,10 %	0,14 %	0,00 %	0,00 %	0,06 %	0,06 %	0,12 %	0,06 %	0,16 %
Soliditet (tal i heile millionar kroner)									
forholdsmessig									
Rein kjernekapitaldekning	17,6 %	17,8 %	18,1 %	18,5 %	16,8 %	16,1 %	15,6 %	16,3 %	16,2 %
Kjernekapitalsprosent	19,3 %	19,6 %	19,2 %	19,6 %	17,8 %	17,1 %	16,6 %	17,3 %	17,4 %
Kapitaldekning	22,0 %	22,2 %	21,8 %	22,3 %	21,1 %	19,7 %	19,2 %	20,1 %	20,4 %
Rein kjernekapital	1.119	1.130	1.152	1.184	1.105	1.049	1.003	1.032	1.016
Kjernekapital	1.230	1.246	1.223	1.250	1.171	1.114	1.067	1.100	1.095
Ansvarleg kapital	1.398	1.414	1.392	1.419	1.385	1.281	1.234	1.274	1.285
Risikovekta balanse	6.365	6.361	6.371	6.381	6.567	6.504	6.441	6.351	6.287
Uvekta kjernekapital (Leverage Ratio)	8,6 %	8,5 %	8,5 %	8,7 %	8,3 %	7,9 %	7,9 %	8,5 %	8,4 %
Likviditetsdekning (LCR) ⁵⁾	112 %	202 %	175 %	212 %	166 %	192 %	177 %	146 %	207 %
Bemanning									
Tal på årsverk	64,5	64,5	64,5	65,5	66,5	66,5	65,5	62,5	61,2
Eigenkapitalbevis ⁶⁾ (tal i heile tusen kroner)									
Resultat per eigenkapitalbevis per kvartal (i heile kr)	1,88	4,1	1,91	2,01	2,14	7,37	4,60	2,63	1,38
Tal på utferda bevis	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000
Bokført eigenkapital for eigenkapitalbevisegarane	120.531	120.531	128.531	128.531	112.500	112.500	112.500	118.449	108.753
Eigenkapitalbevisbrøk i %	10,55 %	10,53 %	11,1 %	11,0 %	11,0 %	10,96 %	10,92 %	11,42 %	11,39 %

FORHALDSTAL I % AV GFK

(Tal i heile tusen kroner)	3. kvartal 2020	2. kvartal 2020	1. kvartal 2020	4. kvartal 2019	3. kvartal 2019	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019	4. kvartal 2018	3. kvartal 2018
Rentenetto i prosent av GFK ⁷⁾	1,40 %	1,29 %	1,60 %	1,65 %	1,68 %	1,51 %	1,52 %	1,48 %	1,47 %
Resultat etter skatt GFK	0,98 %	1,21 %	1,34 %	0,97 %	0,88 %	1,14 %	3,38 %	0,97 %	0,78 %

- Overskot i prosent av gjennomsnittleg eigenkapital (GFK). Hybridkapital er ikkje rekna med og renter på denne er fråtrekt i overskotet.
- Sum driftskostnader i % av sum inntekter.
- Kredittføretak (KF) som er nytta er SpareBank 1 Boligkreditt og Spare Bank 1 Næringskreditt.
- Nærare forklart i årsrekneskapen under utrekning av måltal.

- Likvide aktiva dividert på netto likviditetsutgang i eit 30 dagers alvorleg stressscenario.
- Tal er for morbank.
- Netto renteinntekter i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK).

RAPPORT FRÅ STYRET

Konsernet SpareBank 1 Søre Sunnmøre

Konsernrekneskapen per 30.09.20 er konsolidert på grunnlag av rekneskapane frå morbank og det heileigde dotterselskapet, Eiksundregionen Eigedom AS. Vidare er banken sin eigardel i den felleskontrollerte verksemda, Samarbeidende Sparebanker AS på 7,82 prosent konsolidert inn. Sjå i denne samanheng noten for rekneskapsprinsipp.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre rapporterer årsrekneskapen etter IFRS. Alle tal i årsmeldinga er knytte til konsern om ikkje anna er opplyst. Tal i parentes er for tilsvarande periode i fjor.

Konsernet har 65 tilsette ved utgangen av 3. kvartal - til saman utgjer dette 64,5 årsverk.

Resultat i tredje kvartal

Perioda 01.07.2020 – 30.09.2020

SpareBank 1 Søre Sunnmøre leverte eit konsernresultat før skatt i kvartalet på 31,5 mill. kr mot 28,2 mill. kr i same periode i fjor. Betringa kjem hovudsakleg av auka provisjonsinntekter, auka bidrag frå inntekt av felleskontrollert verksemd og reduserte kostnader. Netto renteinntekter er redusert med 4,8 mill. kr samanlikna med same periode i 2019. Reduksjonen er eit resultat av det kraftige rentefallet og konkurranse-situasjonen som legg press på utlånsrentene. Den låge pengemarknadsrenta har også redusert innskotsmarginen betydeleg. Samanlikna med 2. kvartal 2020 aukar netto renteinntekter 10,6 prosent i perioden som følgje av volumvekst på utlånsida og at rentejusteringane på innskot er fullt ut gjennomført.


Rentenetto i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er på 1,40 prosent mot 1,68 prosent i same kvartal i fjor.

Dei totale driftskostnadane er redusert med 2,2 mill.kr til 30,2 mill. kr mot same periode i 2019. Mesteparten av reduksjonen er relatert til personal- og administrasjonskostnader som er 6 prosent lågare enn same periode i 2019. Kostnadsprosenten i perioda er på 42,3 prosent.

Resultaltførte tap og tapsavsetningar er på 9,6 mill.kr mot 6,1 mill.kr i same periode i 2019. Auken i kvartalet er hovusakleg relatert til ei generell tapsavsetning på 8,8 mill.kr.

Avkastninga på eigenkapitalen etter skatt i 3. kvartal 2020 er 7,4 prosent mot 6,6 prosent i tilsvarande periode i fjor.

Eigenkapitalavkastning etter skatt



Resultat per 30.09.2020

Perioda 01.01.2020 – 30.09.2020


SpareBank 1 Søre Sunnmøre hadde eit konsernresultat før skatt i perioda på 108,6 mill. kr mot 153,1 mill. kr i same periode i 2019. Resultatet for same periode i 2019 var prega av store eingongseffektar knytt til finanspostar.

Resultatet hittil i år syner ei betring i den underliggende drifta med vekst i nettorenteinntekter inkl. provisjon frå kredittforetak og vekst i andre provisjonsinntekter.

Avkastninga på eigenkapitalen hittil i år vart 9,2 prosent mot 14,4 prosent i tilsvarande periode i fjor.

Netto renteinntekter, provisjonsinntekter og andre inntekter

Sum inntekter eks. avkastning på finansielle investeringar i mill. kr




■ Netto renteinntekter ■ Netto provisjons- og andre inntekter

Netto renteinntekter inkludert provisjonar frå kredittføretak aukar 3 prosent tilsvarande 3,9 mill.kr frå same periode i 2019 med bakgrunn i auka utlånsvolum. I sum er det vekta snittet av utlåns- og innskotsmarginen tilnærma uendra over 12 mnd perioda.

Banken leverer vekst i provisjonar frå mellom anna forsikring, betalingsformidling og sparing og plassering. Netto provisjonsinntekter eksklusiv provisjon frå kredittføretak aukar med 3,4 prosent samanlikna med same periode i 2019.

Prosentvis andel av totale inntekter




Netto avkastning på finansielle eignelutar er 50,7 mill. kr mot 95,6 mill. kr i tilsvarande periode i 2019. Nedgangen frå same periode i fjor skuldast ekstraordinære gevinstar i 1. kvartal 2019. Inntekt frå utbytte i investeringar med direkte eigarskap er 9,2 mill. kr, som er 4 mill. kr høgare enn same periode i 2019.

Driftskostnader

Personalkostnader er redusert med 1,2 mill.kr til 47,9 mill. kr i perioda tilsvarande ein nedgong på 1 prosent samanlikna med same periode i 2019.

Driftkostnader i mill.kr



Totale driftskostnader i konsernet aukar med 0,2 mill. kr, tilsvarande 0,2 prosent, samanlikna med same periode i fjor, og utgjer totalt 96,3 mill. kr. Prosjekt innan antikvitvask og anna regulatorisk verksemd, og høgare allianse-relaterte kostnader medførte ein auke i administrasjonskostnader og andre driftskostnader som er 1,5 mill.kr høgare en same periode i 2019. Avskrivningar har auka med 1,0 mill. kr samanlikna med same periode i 2019.

Kostnader i prosent av totale inntekter for konsernet utgjer 43,5 prosent per 30.09.2020 mot 36,4 prosent for tilsvarande periode i fjor.

Tap og misleghald

Resultatrekneskapan er belasta med 16,6 mill. kr i tap mot 14,6 mill. kr i tilsvarande periode i 2019. Dette utgjer 0,24 prosent av brutto utlån ved utgangen av 3. kvartal 2020.

Brutto misleghaldne engasjement er på 42,7 mill. kr mot 43,3 mill. kr i same periode i 2019, og er i prosent av brutto utlån uforandra mot same periode i 2019 på 0,47 prosent.

Per 30.09.2020 utgjer totale tapsavsetningar på balansen 56,2 mill. kr tilsvarande 0,62 prosent av brutto utlån og garantiar. I perioden blei det konstatert tap på 18,1 mill. kr, som i hovudsak var relatert til eit engasjement innan oljeservice.

Balanse (tal i parantes frå same periode i 2019) Forvaltningskapital

Forvaltningskapitalen utgjer 10.593,8 mill. kr og er auka med 413,9 mill. kr sidan 30.09.2019. Dette svarar til ein 12 mnd vekst på 4,1 prosent.

Forvaltningskapital inklusiv lån i SpareBank 1 Boligkreditt AS og Næringskreditt AS er på 13.642,4 mill. kr og har auka med 1.013 mill. kr sidan 30.09.2019. Dette svarar til ein 12 mnd vekst på 8,0 prosent.

Utlån


12 – månaders veksten i brutto utlån inklusiv lån i SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt er på 8,2 prosent og svarar til totale utlån på 12.151,6 mill. kr (11.393,4 mill. kr).

Ved kvartalsskiftet var porteføljene i SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt høvesvis 2.888,8 mill. kr (2.292,0 mill. kr) og 159,9 mill. kr (157,6 mill. kr).

Som følge av auka overføringar til Boligkreditt er 12 – månaders veksten i brutto utlån på eigen balanse 1,8 prosent. Dette svarar til ein auke i utlån på 159,1 mill. kr (1.054,3 mill. kr).


Totale utlån til privatmarknaden, inkludert SpareBank1 Boligkreditt, har auka med 672,9 mill.kr til 10.183,6 mill. kr. Dette gir ein 12 mnd vekst på 7,1 prosent. Totale brutto utlån til bedriftsmarknaden, inkludert SpareBank 1 Næringskreditt, er på 1.968,0 mill.kr. Dette er ein auke på 85,3 mill. kr, og svarar til ein 12 mnd vekst på 4,5 prosent.

Brutto utlån til kunder i mill. kr og 12 mnd % - vekst inkl. kredittføretak



Fordelinga av totale engasjement syner at det er god bransjespreiing i bedriftsmarknadsportefølja.

Bransjespreiing av total eksponering i bedriftsmarknadsportefølja




Andelen oljerelaterte engasjement utgjer 15,5 prosent av samla volum av utlån og garantiar innan bedriftsmarknaden. Dette er ein reduksjon på 1,6 prosentpoeng samanlikna med same periode i fjor. I prosentdel av totale utlån og garantiar i banken utgjer oljerelatert engasjement 2,6 prosent.

Innskot

Innskot har auka med 52,7 mill. kr siste 12 månader til 7.086,8 mill. kr ved utgangen av kvartalet. Dette svarar til ein vekst på 0,8 prosent.

Innskot frå kundar i mill. kr og innskotsdekning eigen balanse og inkl. kredittføretak



Innskot frå personkundar er auka med 412,7 mill. kr til 4.572,8 mill. kr, og dette svarar til ein vekst på 9,9 prosent siste 12 månader. Innskot frå næringslivskunder er redusert med 360,0 mill. kr til 2.514,0 mill. kr siste 12 månader, noko som svarar til ein reduksjon på 12,5 prosent.

Likviditet

Det er det er god tilgong på funding i marknaden og banken gjer tilbakekjøp og nye utferdingar av obligasjonar for å oppretthalde ein god balanse i forfallsstrukturen på ekstern funding.

Samla ekstern finansiering utgjer 1.690 mill. kr. Forfallsstrukturen med attståande løpetid er fordelt med 255 mill. kr under 1 år, 935 mill. kr mellom 1 og 3 år, og 500 mill. kr løpetid med over 3 år.

Innskotsdekninga er 77,9 prosent (78,6 prosent) ved utgangen av kvartalet.

Obligasjonsporteføljen er stabil, og er tilpassa endra likviditetskrav. Banken rapporterer ein LCR på 111,7 prosent ved utgangen av kvartalet.

Kapitaldekning

Banken sin soliditet er god. Per 30.09.2020 er rein kjernekapital i morbanken på 17,1 prosent. Andel av delårsresultatet til morbanken er då ikkje medrekna. Medrekna forventa andel av delårsresultatet som er halde tilbake utgjer rein kjernekapital 18,5 prosent.

Som følgje av at banken har eigarandelar i samarbeidande grupper utfører banken forholdsmessig konsolidering. Rein kjernekapital forholdsmessig konsolidert er 17,6 prosent og 2,5 prosentpoeng over det regulatoriske kravet inkludert intern buffer. Kjernekapital utgjer 19,3 prosent og kapitaldekninga 22 prosent.

Uvekta kjernekapitalandel (LR – leverage ratio) utgjer 8,6 prosent.

Motsyklik buffer blei av Finansdepartementet etter råd frå Norges Bank redusert frå 2,5 prosent til 1 prosent den 13. mars 2020. Det regulatoriske kravet på rein kjernekapital er etter dette 14,1 prosent. Det interne kravet på rein kjernekapitaldekning er 15,1 prosent.

Samarbeidende Sparebanker AS

Den 18. mars inngjekk Helgeland Sparebank ein intensjonsavtale om å verte ein del av ein SpareBank 1-alliansen gjennom oppkjøp av ein eigarandel på 3 prosent i SamSpar-selskapa Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA. Transaksjonen er verdsatt til 150 mill.kr, og SpareBank 1 Søre Sunnmøre sel seg ned i størrelsesorden 0,3 prosent av aksjane sine i Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA til ein samla verdi av 14,3 mill.kr. SpareBank 1 Søre Sunnmøre vil etter dette ha ein eigarandel på 7,53 prosent i Samarbeidende Sparebanker AS som gir 1,47 prosent indirekte eigarandel i SpareBank 1 Gruppen AS, og ein eigarandel i Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA på 5,31 prosent som gir ein indirekte eigarandel i SpareBank 1 Utvikling DA på 1 prosent. Gevinsten frå transaksjonen er berekna til 11,3 mill.kr. Endeleg tidspunkt for gjennomføring av transaksjonen er forventa våren 2021. Konkurransetilsynet har den 19. juni klarert gjennomføring av transaksjonen.

Utsiktene framover

Aktiviteten i norsk økonomi har auka betydeleg dei siste månadane med den gradvise gjenåpninga av samfunnet. Samstundes har aktiviteten vorte stimulert av låge renter og ekspansiv finanspolitikk.

Gjennom den siste tida er det observert fleire lokale smitteutbrot og ein tiltakande smitte i Oslo. Graden av nedstenging og inngripande tiltak som vert innført framover vil påvirke den økonomiske aktiviteten. Det er fortsatt knytt stor usikkerheit til makroprognosene for resten av 2020 og 2021.

Den positive utviklinga med gradvis gjenåpning og auken i innanlandsk etterspørsel har medført at andelen heilt arbeidsledige i Møre og Romsdal er redusert frå 9,3 prosent i slutten av mars til 3,1 prosent ved utgangen av september. Tal frå NAV syner at det er venta fortsatt nedgang. Tala syner også at andel heilt ledige er noko høgare i den ytre regionen med Ulstein og Herøy, samanlikna med den indre regionen med Volda og Ørsta.

Det er god bransjespreiing i marknadsområdet til banken. Ei fortsatt svak krone er gunstig for eksportindustrien. Samstundes verkar svak vekst ute hos handelspartnerar negativt inn på eksporten. Det er venta fortsatt god lønsemd for aktørar innan både fiskeri og havbruk. Fleire større byggeprosjekt i regionen har vore positivt for etterspørselen innan servicenæringar. Restriksjonar vil legge ein dempar på etterspørselen frå private og bedrifter etter tenester frå hotell og restauranter framover mot nyttår. Innan oljeservice vil lågare investeringar fram mot 2022 dempe etterspørselveksten. Den forventa nedgangen er samstundes mindre enn tidlegare estimert. Høgare oljepris, og positive effektar frå endringar i petroleumsbeskatninga verkar positivt inn på investeringsviljen. For leverandørar til maritim industri vil marknaden fortsatt vere krevjande med press på lønsemda.

Delar av næringslivet på Søre Sunnmøre har vore gjennom fleire omstillingar tidlegare. Samstundes har regionen også næringar som er tilnærma upåverka, som bygg og anlegg, fiskerinæringa, og fleire offentlege arbeidsplassar. Samstundes er det slik at utlån til næringar som er direkte ramma av smitteverntiltak utgjer ein liten del av banken si utlånsportefølje. Styret har ikkje sett noko vesentleg endring i misleghald og tapssituasjonen i tredje kvartal med bakgrunn i Covid-19, og har ikkje identifisert behov for tapsavsetning på enkeltengasjement. Banken har likevel valgt å gjere ei tapsavsetning knytt til generell usikkerheit i framtidsutsiktene til oljerelatert næringsliv.

Utviklinga i bustadprisane i marknadsområdet til banken har vore meir stabil til samanlikning med dei større

byane. Omsetning av bustadar i tredje kvartal syner svakt stigande prisar, og det er venta at utviklinga vil halde seg stabil også framover i tid.

Større aktivitet i bustadmarknaden har ført til høgare kredittvekst til hushaldningane enn forventa. Den totale etterspørselen etter kreditt frå hushaldningane er venta å ligge på 4,8 prosent for 2020 noko lågare enn for 2019. Vidare fram mot 2023 er den venta å avta noko meir. Lågare forventa kredittetterspørsel, overkapitalisering hos større bankar og auka transparens via t.d. marknadsplattformer er faktorar som gjer at det er venta at konkurransen både på utlåns- og innskotsrenter vil tilspisse seg ytterlegare framover.

Ut frå eit makroperspektiv vil forventa låg realrente bidra positivt på auka konsumvekst, medan fortsatt relativt høg arbeidsløyse og låg lønsvekst vil verke motsett. I sum er det venta at forholda ligg til rette for vidare vekst i inntekter framover.

Styret er av den oppfatning av at banken i utgangspunktet har moderat tapsrisiko knytt til utlån. Myndighetene har vist evne til å iversette effektive tiltak for å motverke smittespreiing, og gjennomføre tiltak for å redusere dei negative konsekvensane for økonomien. Norges Bank sine tiltak har bidrege positivt til likviditeten i marknaden for senior bankobligasjonar.

Tida framover vil vere krevjande med omsyn til usikkerheit knytt til ny smittespreiing av Covid-19. Innteninga i 2020 vil verte påverka negativt gjennom reduserte rentemargarar. Lågare kredittetterspurnad kan skjerpe konkurransesituasjonen ytterlegare. Norges Bank har signalisert at dei held styringsrenta på 0 prosent på mellomlang sikt. Dette vil fortsette å presse ned utlånsrentene og redusere innskotsmarginane.

Banken er godt kapitalisert med god likviditet, og som den lokale sparebanken vil vi vere ein sterk, engasjert og nær støttespelar for kundane våre også gjennom denne krevjande tida.

Volda, 2. november 2020
Styret i SpareBank 1 Søre Sunnmøre



Kjell Arvid Storeide
Styrelsiar




Ole Reinhart Notø
Nestleiar




Mona Ryste
Styremedlem




Kjersti Kleven
Styremedlem



Arild Hatløy
Styremedlem




Bente Fylken
Styremedlem



Runar Gretland
Tilsettereprasant



Møyfrid Lillenes
Tilsettereprasant



Stig Brautaset
Administrerande direktør

RESULTAT

MORBANK					KONSERN						
2019	3. kvartal 2019	30.09. 2019	3. kvartal 2020	30.09. 2020	(Tal i heile tusen kroner)	Notar	30.09. 2020	3. kvartal 2020	30.09. 2019	3. kvartal 2019	2019
282.657	76.379	204.698	51.577	188.861	Renteinntekter målt til amortisert kost	1	187.330	51.186	203.016	75.771	280.337
18.136	4.745	13.397	4.785	14.641	Renteinntekter målt til verkeleg verdi	1	14.641	4.785	13.397	4.745	18.136
141.865	38.037	102.225	18.298	89.134	Rentekostnader		89.066	18.276	102.080	37.990	141.758
158.928	43.087	115.870	38.063	114.368	Netto renteinntekter		112.906	37.694	114.334	42.526	156.715
72.065	19.392	52.998	22.038	58.265	Provisjonsinntekter		58.265	22.038	52.998	19.392	72.065
5.792	1.511	4.257	1.873	4.476	Provisjonskostnader		4.476	1.873	4.257	1.511	5.792
2.046	170	1.661	158	518	Andre driftsinntekter		4.089	1.131	5.157	1.455	7.418
68.319	18.050	50.402	20.324	54.307	Netto provisjons- og andre inntekter		57.878	21.296	53.897	19.335	73.691
62.154	68	57.226	329	24.835	Utbytte		9.558	329	5.339	68	10.266
-	-	-	-	-	Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemder		35.185	8.866	56.533	3.195	56.029
37.754	1.544	33.713	3.123	5.979	Netto verdiendring på finansielle eignelutar		5.979	3.123	33.713	1.544	37.754
99.908	1.612	90.940	3.452	30.814	Netto avkastning på finansielle investeringar		50.722	12.318	95.585	4.807	104.050
327.155	62.749	257.212	61.839	199.489	Sum inntekter		221.506	71.308	263.815	66.669	334.455
68.712	16.776	48.950	15.687	47.675	Personalkostnader		47.923	15.730	49.136	16.840	68.955
37.351	9.482	27.726	9.006	28.135	Administrasjonskostnader		28.135	9.006	27.726	9.482	37.351
6.648	1.676	4.968	1.638	5.038	Avskrivningar av varige driftsmidlar		6.403	2.093	5.429	1.830	8.009
-	-	-	117	223	Gevinst sal/nedskrivningar varige driftsmidlar		223	117	-	-	-
17.562	3.494	11.387	3.126	12.580	Andre driftskostnader		14.053	3.455	13.828	4.232	20.849
130.273	31.428	93.030	29.340	93.205	Sum driftskostnader		96.291	30.167	96.119	32.384	135.165
196.882	31.321	164.181	32.499	106.285	Resultat før tap		125.215	41.141	167.696	34.285	199.290
7.788	-	-	-	-	Nedskrivning aksjar		-	-	-	-	-
22.401	6.118	14.566	9.598	16.644	Tap på utlån, garantiar	4	16.644	9.598	14.566	6.118	22.401
166.693	25.203	149.616	22.901	89.641	Resultat før skatt		108.571	31.543	153.131	28.167	176.889
22.005	5.800	23.100	5.100	15.600	Skattekostnad		15.600	5.100	23.100	5.800	22.005
144.688	19.403	126.516	17.801	74.041	Resultat for perioden		92.971	26.443	130.031	22.367	154.884
144.688	19.403	126.516	17.801	74.041	Utvida resultatrekneskap		92.971	26.443	130.031	22.367	154.884
-	-	-	-	-	Resultat for rekneskapsåret		809	209	-	-	-
-450	-	-	-13	-107	Andel utvida resultat i felleskontrollerte verksemd		-107	-13	-	-	-450
144.238	19.403	126.516	17.787	73.933	Totalresultat for perioden		93.673	26.639	130.031	22.367	154.434

BALANSE

MORBANK			KONSERN				
31.12.2019	30.09.2019	30.09.2020	(Tal i heile tusen kroner)	Notar	30.09.2020	30.09.2019	31.12.2019
			Eignelutar				
42.735	38.060	38.223	Kontantar og fordringar på sentralbanken		38.223	38.060	42.735
410.392	291.259	304.729	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	6	304.729	291.259	410.392
8.851.174	8.960.044	9.130.212	Netto utlån til kundar	3	9.068.498	8.897.013	8.788.144
1.566	1.566	1.566	Overtekne eigedomar		1.566	1.566	1.566
174.713	176.182	351.062	Sertifikat og obligasjonar med fast avkastning	6,7	351.062	176.182	174.713
483.523	462.361	493.403	Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinteresser	6,7	493.403	462.361	483.523
77.982	77.381	93.234	Investeringar i felleskontrollerte verksemder	6	170.444	133.524	134.632
7.332	15.120	7.332	Investering i konsernselskap	6	-	-	-
2.066	2.749	2.066	Utsett skattefordel		7.430	2.749	7.731
57.240	56.912	53.850	Varige driftsmidlar		117.788	148.488	125.544
21.860	23.209	31.427	Andre eignelutar		31.564	23.571	22.121
6.929	5.016	9.044	Forskotsbetalte kostnader og opptente inntekter		9.044	5.036	7.341
10.137.514	10.109.859	10.516.148	Sum eignelutar		10.593.750	10.179.809	10.198.442
			Gjeld				
1.275	4.038	181.111	Innskot frå og gjeld til kredittinstitusjonar	6	181.111	4.038	1.275
6.964.134	7.036.235	7.088.237	Innskot frå og gjeld til kundar	6,9	7.086.807	7.034.077	6.962.173
1.740.035	1.639.967	1.701.294	Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	7,9	1.701.294	1.639.967	1.740.035
53.686	59.704	61.605	Anna gjeld	4	57.958	60.194	54.260
6.471	11.116	6.397	Påkomne kostnader og forskotsbetalte inntekter		6.430	11.116	6.471
10.878	11.218	10.572	Avsetning til forpliktingar		10.572	11.218	10.878
151.038	150.485	150.592	Ansvarleg lånekapital	6,8	150.592	150.485	151.038
8.927.518	8.912.762	9.199.808	Sum gjeld		9.194.763	8.911.094	8.926.131
			Eigenkapital				
100.000	100.000	100.000	Eigardelskapital	11	100.000	100.000	100.000
193	193	193	Overkursfond		193	193	193
28.338	12.307	20.338	Utjæmningsfond		20.338	12.307	28.338
1.005.959	895.613	1.005.959	Sparebankfondet	5	1.005.959	895.613	1.005.959
24.024	13.098	17.084	Gåvefond		17.084	13.098	24.024
1.482	1.482	1.482	Kompensasjonsfond		1.482	1.482	1.482
-	-	-	Fond for vurderingsskilnader FKV/TS		77.210	56.143	56.650
-	124.405	71.285	Annan eigenkapital		76.722	139.880	5.665
50.000	50.000	100.000	Hybridkapital	6	100.000	50.000	50.000
1.209.996	1.197.097	1.316.341	Sum eigenkapital	5	1.398.988	1.268.715	1.272.311
10.137.514	10.109.859	10.516.148	Forvaltingskapital		10.593.750	10.179.809	10.198.442
			Forvaltningskapital inkl. Boligkreditt/ Næringskreditt				
12.876.206	12.559.434	13.564.772	Garantiansvar		128.131	239.574	222.969
222.969	239.574	128.131	Deponert i Norges Bank		220.773	-	-
-	-	220.773					

ENDRING I EIGENKAPITAL

MORBANK

(Tal i heile tusen kroner)	Eigar- andels- kapital	Overkurs og kompensa- sjonsfond	Sparebank- fondet	Utjamn- ingsfond	Gåvefond	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigen- kapital	Kompensa- sjonsfond	Hybrid- kapital	Sum ei- genkapital
Eigenkapital per 31.12.2018	100.000	193	895.613	18.307	21.896	-	-	1.482	50.000	1.087.491
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-6.000	-	-	-	-	-	-6.000
Estimatavvik mot EK	-	-	-450	-	-	-	-	-	-	-450
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-12.872	-	-	-	-	-12.872
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-2.861	-	-	-	-	-	-	-2.861
Årsresultat	-	-	113.656	16.032	15.000	-	-	-	-	144.688
Eigenkapital per 31.12.2019	100.000	193	1.005.959	28.338	24.024	-	-	1.482	50.000	1.209.996
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-8.000	-	-	-	-	-	-8.000
Opptak av ny hybridkapital	-	-	-	-	-	-	-	-	50.000	50.000
Estimatavvik mot EK	-	-	-	-	-	-	-107	-	-	-107
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-6.940	-	-	-	-	-6.940
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-2.649	-	-	-2.649
Delårsresultat	-	-	-	-	-	-	74.041	-	-	74.041
Eigenkapital per 30.09.2020	100.000	193	1.005.959	20.338	17.084	-	71.285	1.482	100.000	1.316.341

KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	Eigar- andels- kapital	Overkurs og kompensa- sjonsfond	Sparebank- fondet	Utjamn- ingsfond	Gåvefond	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigen- kapital	Kompensa- sjonsfond	Hybrid- kapital	Sum ei- genkapital
Eigenkapital per 31.12.2018	100.000	193	895.614	18.307	21.896	75.937	16.605	1.482	50.000	1.180.033
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-6.000	-	-	-	-	-	-6.000
Estimatavvik mot EK	-	-	-450	-	-	-	-	-	-	-450
Endring direkte mot EK	-	-	-	-	-	-	-16.995	-	-	-16.995
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-12.872	-	-	-	-	-12.872
Føring mot fond for vurderingsskilnadar FKV	-	-	-	-	-	-23.014	-	-	-	-23.014
Utbytte frå FKV	-	-	-	-	-	-51.888	51.888	-	-	-
Renter fondsobligasjon mot EK	-	-	-2.861	-	-	-	-	-	-	-2.861
Resultat for rekneskapsåret	-	-	113.656	16.032	15.000	55.614	-45.834	-	-	154.468
Eigenkapital per 31.12.2019	100.000	193	1.005.959	28.338	24.024	56.650,0	5.665	1.482	50.000	1.272.311
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-8.000	-	-	-	-	-	-8.000
Opptak av ny hybridkapital	-	-	-	-	-	-	-	-	50.000	50.000
Estimatavvik mot EK	-	-	-	-	-	652	-107	-	-	545
Utbytte frå FKV	-	-	-	-	-	-15.277	15.277	-	-	-
Andre endringar	-	-	-	-	-	-	750	-	-	750
Føring mot fond for vurderingsskilnadar FKV	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-6.940	-	-	-	-	-6.940
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-2.649	-	-	-2.649
Resultat for rekneskapsåret	-	-	-	-	-	35.185	57.786	-	-	92.971
Eigenkapital per 30.09.2020	100.000	193	1.005.959	20.338	17.084	77.210	76.722	1.482	100.000	1.398.988

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

MORBANK				KONSERN		
31.12.2019	30.09.2019	30.09.2020	(Tal i heile tusen kroner)	30.09.2020	30.09.2019	31.12.2019
166.693	149.616	89.641	Kvartalsresultat før skatt	108.571	96.598	176.889
14.436	4.968	5.038	+ av- og nedskrivningar	6.403	5.429	8.009
22.401	14.566	16.644	+ Tap på utlån/garantiar	16.644	14.566	22.401
-22.005	-23.100	-15.600	- Betalbar skatt	-15.600	-23.100	-22.005
181.526	146.049	95.722	Tilført frå årets verksemd	116.018	93.493	185.295
28.035	28.367	-11.681	Reduksjon/(auke) andre fordringar	-11.146	28.446	29.930
-35.960	-29.942	7.887	Auke/(reduksjon) anna kortsiktig gjeld	3.998	-30.061	-35.995
-5.335	-350	-347	Auke/(reduksjon) i andre forpliktingar	-347	-350	-5.335
-13.260	-1.925	-4.142	Likviditetsendring i resultatrekneskapen	-7.495	-1.966	-11.399
-730.498	-831.532	-295.682	Reduksjon/(auke) utlån	-296.998	-831.532	-730.498
-190.939	-71.807	105.662	Reduksjon/(auke) utlån kredittinstitusjonar/ sentralbank	105.662	-71.807	-190.939
507.097	579.198	124.103	Auke/(reduksjon) innskot kundar	124.634	579.693	507.788
-1.361	1.401	179.836	Auke/(reduksjon) innskot kredittinstitusjonar	179.836	1.401	-1.361
15.698	14.229	-176.349	Reduksjon/(auke) sertifikat og obligasjonar	-176.349	14.229	15.698
-231.737	-164.386	29.151	A) Netto likviditetsendring frå verksemd	45.308	-216.488	-225.416
-30.600	-20.804	-1.647	Brutto investeringar bygningar/driftsmidlar	1.353	-32.709	-36.669
-	-	-	Avgang bygningar/driftsmidlar	-	-	-857
-997	-8.184	-15.251	Reduksjon/(auke) kap. tilkn. selskap/dotterselskap	-35.811	23.730	22.622
-77.081	-55.919	-9.880	Reduksjon/(auke) aksjar og eigarinteresser	-9.880	-75.713	-77.081
-108.678	-84.906	-26.779	B) Netto likviditetsendring investeringar	-44.338	-84.691	-91.985
612	58	-447	Auke ansvarleg lånekapital	-447	58	612
-21.732	-	-17.696	Endringar direkte mot eigenkapital	-16.294	-	-44.746
-	-16.908	50.000	Endring opptak av fondsobligasjon	50.000	34.979	-
368.429	268.361	-38.742	Auke/(reduksjon) annan langsiktig gjeld	-38.742	268.361	368.429
347.309	251.511	-6.884	C) Netto likviditetsendringar finansiering	-5.482	303.398	324.295
6.894	2.219	-4.512	A) + B) + C) Netto endringar i likvidar i året	-4.512	2.219	6.894
35.842	35.842	42.735	Likviditetsbeholdning inngåande balanse	42.735	35.842	35.842
42.735	38.060	38.223	Likviditetsbeholdning utgåande balanse	38.223	38.060	42.735
6.894	2.219	-4.513	Endring	-4.513	2.219	6.894

NOTAR

Note 1

Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapen for SpareBank 1 Søre Sunnmøre omfattar perioden 01.07.2020 - 30.09.2020, og er utarbeidd i samsvar med IFRS, herunder IAS 34 Interim Financial Reporting. Ei skildring av alle rekneskapsprinsippa konsernet har lagt til grunn ved avlegging av kvartalsrekneskapen, framgår av årsrekneskapen for 2019. Det er ikkje føreteke endringar i rekneskapsprinsipp sidan årsrekneskapen for 2019.

1.11 Revisjon

Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert.

Note 2

Segmentinformasjon

Leinga har vurdert kva for segment som er rapporterbare med utgangspunkt i distribusjonsform, produkt og kundar. Det primære rapporteringsformatet tek utgangspunkt i risikoen i eignelutane og avkastningsprofilen og er delt opp i privatmarknad inkludert sjølvstendig næringsdrivande og bedriftsmarknad. Banken sine egne

investeringsaktivitetar er ikkje eit separat rapporterbart segment og kjem fram under posten ufordelt saman med aktivitetar som ikkje let seg allokere til privat- eller bedriftsmarknaden. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske sekundærsegment gir lite tilleggsmasjon.

KONSERN 30.09.2020				
